



Desse to para var mange dagar i Uskedalen i påska: Grete og Per Ørnulf Dæhli frå Bergen og Dina og Tore Nordal Pedersen frå Os. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Påska er over og konklusjonen må bli denne: Det har vore ei svært vellukka påske i Uskedalen med omsyn til besøk av påskegjestar både til lands og til vanns. Dette er dei fakta som ligg til grunn for ein slik konklusjon:

* Innrykket på Rabben Feriesenter vart riktignok karakteriert som middels av veteranvert Steinar Myklebust, men det var slett ikkje dårleg med tanke på dei ugunstige kommunikasjonane som han påpeika tidlegare i påska.

* Vertshuset hadde ope fredag og laurdag og det var fullt hus begge dagar. Fastbuande og tilreisande hadde det triveleg saman.

* Dønhaug Gjestegard hadde overfylt låve med Vasendgutane onsdag og fullt hus i kjedlaren med Matti Røsland laurdag.

* Mange nytta det gode turtilbodet i dalen. Til dømes skreiv 30 seg inn i turboka på Ådnaklett skjærtorsdag.

* Innrykket av gjestebåtar i dei tre hamnane var 'langt større enn venta', for å sitera båtlagleiar Rolf Myklebust. - Ingen trudde at det ville komma så mange, slår han fast.

Dei nettene då trafikken var på topp låg det 13 båtar i Øyro Marina og her er trafikk-statistikken som Myklebust kan leggja fram frå båtlaget og Sandakaien:

6.april:4, 7. april:7, 8. april:22, 9. april:30, 10. april:23, 11. april:24, 12. april:6.

Myklebust tolkar dei svært positive tala som eit prov på at folk likar seg her og at dei trivst både i båthamnane og i dalen. Ikkje minst tyder alt på at turtilbodet er eit svært godt 'salsargument'. Svært mange har trukke fram dette i samtalar og intervju denne påska.

Allereie måndag hadde leiaren telefon frå folk i Bergensområdet som gjerne ville ha reservert plass i pinsen. Men forståeleg nok tek ikkje båtlaget imot bestillingar på førehand, det maktar dei ikkje.

Av Ola Matti Mathisen